

Forslaget til fastlegeforskrift gir føringar som undergrev ei løysingsorientert utvikling av fastlegeordninga.

Fastlegeordninga er utforma og utvikla i nært samarbeid mellom stat, Kommunes Sentralforbund og Legeforeningen, og blir ved brukerundersøkingar vurdert som svært vellukka.

Ordninga treng likevel å styrkjast og vidareutviklast, blant anna for å kunna oppfylle samhandlingsreforma sine gode intensjonar. Dette må framleis skje i nært samarbeid mellom myndigheiter, legeforening og andre berørte partar, og baserast på den beste tilgjengelege kunnskap og innsikt i den praktiske medisinske kvardag.

Vi ser med stor bekymring på den nyleg framlagde forslag til fastlegeforskrift. Den erstattar dagens avtaleverk med til dels svært detaljerte og uhensiktsmessige bestemmelser som pålegg fastlegane oppgåver som er innbyrdes motstridande og totalt sett ikkje gjennomførbare. Bestemmelser som har som siktemål å sikra godt tilgjenge og god kvalitet er utforma med tilfeldig valde kravspesifikasjonar som ikkje er underbygd av forskning eller erfaringsmessig kunnskap. Krav til responstid og tilgjenge for pasientane vert undergravd av auka krav til møteaktivitet, kartlegging og rapportering. Dette er kombinert med at kommunane kan påleggja mange fastlegar ansvar for fleire listepasientar enn dei har i dag, og også påleggja dei større offentlege allmenntilgjengelege og samfunnsmessige oppgaver.

Det er urovekkjande at desse urealistiske føringane og inneheld forskriftsfesta truslar om økonomiske sanksjonar dersom fastlegane ikkje maktar å oppfylle alle krava.

Dersom forskriftsforslaget vert vedteke er vi redd det vil medføra kraftig reduksjon i rekrutteringa av nye gode fastlegar. Det vil og vera ein alvorleg bremsekloss på utviklinga av god samhandling og gode samarbeidsavtalar i kommunane.

Vi vil oppfordra Helseministeren til å i samarbeid med Legeforeningen og Kommunes Sentralforbund arbeida fram eit funksjonelt rammeverk for fastlegeordninga slik at vi også i fremtida har motiverte og gode fastlegar i ei god offentlig helseteneste.

Underteikna er alle fastlegar på Voss. Om det framlagde forslaget til fremtidig fastlegeordning vert vedteke vil det bli svært vanskeleg for oss å fornye våre fastlegeavtalar med kommunen. Vi ønskjer å vera fastlegar, men vi kan ikkje leva med denne typen krav, truslar og usikkerheit.

Voss 8. februar 2012

OTTAR R. FJOSE

LEGE

Vangsgata 38 - 5700 VOSS

Ottar R. Fjose

Lege Bern Daktveit

5700 VOSS

Ana Cecilia Sæthre

Lege

PEDER RINGDAL

Spesialist i allmennmedisin

BOKS 13, 5700 VOSS

VIGLEIN OLVEDTIT LEGE MDNLF
SPESIALIST I ALLMENNEMEDISIN
VOSSEVANGEN LEGESENTER
SKULEGT. 11 A, 5700 VOSS, TH. 56 53 30 90
ID-NR. 2133857



Irina Frolova MDNLF

Vossamed Legesenter

Ultråtgata 33

5700 Voss, Tlf. 56 53 02 00

Suzanna Wickramanayake
ID 9251286

Vossamed Legesenter

5700 Voss, Tlf. 56 53 00 00

LÆKJAR MARLE TVEIT

Ultråtgata 33

5700 VOSS

Tlf. 56 51 36 70

LÆKJAR GJERMUND VALLAND

Uttrågt. 19, 5700 VOSS, Tlf. 56 51 08 80

ID-NR: 2092077

[Signature]

[Signature]

[Signature]

[Signature]

[Signature]

[Signature]

[Signature]

[Signature]

